

FEDJE KOMMUNE
Stormarkvegen 49
5947 FEDJE

Dato	21.08.2023
Vår referanse	2023/68858-10
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Lasse Kolbjørn Anke Hansen
E-post	Lasse.Kolbjorn.Anke.Hansen@vlfk.no
Telefon	99228458

Att: ordfører og kommunedirektør

Kan de levere stein til Fylkesvarden?

Så vidt vi kan sjå har ikkje Fedje kommune leverte stein til Fylkesvarden i samband med opninga av Vestlandshuset. Vi vil gjerne ha ein stein frå kvar kommune, så vi håpar de relativt raskt kan skaffe til veie ein stein til oss.

Her er den opphavelige «bestillinga» som vart gitt til kommunane:

Stein til vardebygging: Heller enn ein tradisjonell snorklipp, vert opninga markert med at du og ordførarkollegaene dine byggjer ein varde av ein stein frå kvar kommune i Vestland. Det betyr at du må ha med ein stein frå kommunen din. Maksimale mål er ca 10x10x10 cm. Bergartar/materialar som er spesielle for dei ulike områda vil passe godt.

Vi vil gjerne også ha litt informasjon jf. brev datert 18.7 og 21.8 om:

O Kva for type stein er dette?

O Kva for stad er steinen henta frå?

O Representerer steinen noko særskilt for kommunen?

Håpar dette lar seg gjere! Om de har spørsmål er det berre å kontakte underteikna.

På førehand takk!

Med helsing

Lasse Kolbjørn Anke Hansen

seniorrådgjevar

ORO-JU - Politisk sekretariat

Tlf: 99 22 84 58

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift